



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748  
Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjth@statsforvalteren.no  
www.svr.no

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Saksbehandler Jørn Trygve Haug

Vår ref. 2021/2812-0  
PRIMÆRKLASSERING

Deres ref. 202004608- Dato 19.03.2021  
15

## Stølen kraftverk. Uttale til begrenset høring av detaljplan for miljø- og landskap.

Syner til brev frå NVE dagsett 4.3.2021 om begrenset høring av detaljplan for miljø- og landskap – Stølen kraftverk på Knaben i Kvinesdal kommune.

Verneområdestyret for verneområda i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) sto ikkje på høyringslista men vart gjort merksam på saka via Kvinesdal kommune. Arbeidsutvalet i verneområdestyret drøfta saka i møte 19.3.2021. På bakgrunn av dette har vi følgjande merknadar:

### *Omlegging av skiløype kring Finndalsvatnet.*

Vi forstår det slik at det vil vera aktuelt å legge om eksisterande skiløype slik at den går rundt Finndalsvatnet og delvis innanfor vernegrensa for Setesdal Vestshei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Om dette krev inngrep/planering i marka eller bru for kryssing av bekk innanfor vernegrensa, vil eit slikt tiltak vera søknadspliktig etter verneforskrifta.

*Tilhøvet til verneforskrifta ved heving av Finndalsvatnet med 7 meter, frå kote 753 til kote 760*  
Av høyringsbrevet går det fram at sjølve konsesjonen for utbygging av Stølen kraftverk ligg fast, ref. konsesjon gjeven i 2012 og med endring godkjend 30.10.2020. Vi vil likevel gjere merksam på at ved heving av Finndalsvatnet vil vannspeilet i austre del av vatnet, etter det vi kan sjå, strekke seg inn verneområdet med om lag 25 meter/2 dekar ved HRV. Det kan difor stillast spørsmål om reguleringa av Finndalsvatnet burde vore handsama etter verneforskrifta for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, før det vart gitt konsesjon i 2012.

Vi er kjent med at heving av Finndalsvatnet med 7 meter vil gi tilsvarende reguleringssituasjon som var tilfelle fram til kring 1990, dvs før verneområdet vart oppretta i 2000. I ljøs av dette ser vi det difor ikkje som aktuelt å krevje ei særskilt handsaming etter verneforskrifta. For seinare saker som råker verna areal, ber vi om at tilhøvet til verneforskrifta vert avklara tidleg i konsesjonsprosessen.

Med hilsen

Jørn Trygve Haug  
verneområdeforvaltar SVR

Jonny Liland  
Nestleiar, verneområdestyret for SVR

Etter våre rutiner er dette brevet godkjent og sendt uten underskrift



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

---

Kopi til:

Kvinesdal kommune  
Statsforvalteren i  
Agder

Nesgata 11 4480 KVINESDAL  
Postboks 4804 ARENDAL  
504



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

---